

Arkivsak 201202258-3
Arkivnr. 545
Saksh. Svendsen, Anne Sara

Saksgang	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	07.05.2013
Opplærings- og helseutvalet	14.05.2013

TILTAK FOR Å BETRE KVALITETEN I OPPLÆRING I BEDRIFT

SAMANDRAG

Frå nasjonalt held er det stort fokus på å auke og utvikle kvaliteten innan fag- og yrkesopplæringa. Kunnskapsløftet har søkelys på kvalitet i eit heilskapleg opplæringsløp, både i skule og bedrift. Opplæringslova seier at lærebedriftene må kunne gi ei opplæring som tilfredsstiller lov og forskrift. Mellom anna skal bedrifta ha intern kvalitetssikring/kvalitetskontroll av opplæringa.

Fagopplæringskontoret har i dag to ulike opplæringstilbod til lærebedrifter; eit to-timars informasjonsmøte der målgruppa er dagleg leiar og fagleg leiar i heilt nye lærebedrifter, og eit todagars instruktør-kurs primært for fagleg leiar og instruktør. Opplæringa skal inspirere til auka bevisstheit om oppgåver, roller og ansvar for aktørane i fagopplæringa. Kursa famnar yrkesfaga generelt og legg vekt på sentrale tema i Kunnskapsløftet som læreplanforståing, vurderings- og rettleiingskompetanse, pluss dei viktigaste endringane i regelverk dei siste åra. Dette er i tråd med Utanningsdirektoratet sine tankar om innhald i etterutdanning/kompetansehevingstiltak for faglege leiarar og instruktørar.

For å sikre at vi når alle lærebedrifter ønskjer vi å gjere opplæringa obligatorisk. Fagopplæringskontoret vil legge til rette for at opplæringa får ei utforming og blir lagt til tider som gjer det lettast mogleg for bedriftene å gjennomføre denne.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fagopplæringskontoret sitt program for obligatorisk opplæring av nye lærebedrifter:

- | | |
|----|--|
| 1. | Obligatorisk informasjonsmøte for bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor, før dei vert godkjende som lærebedrift |
| 2. | Obligatorisk instruktørkurs for alle faglege leiarar i løpet av første året etter at bedrifta er godkjent |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein L. Heggheim
opplæringsdirektør

Vedlegg:

1. Utdrag fra Opplæringslova
2. Utdrag fra Utdanningspeilet 2012 – Kvalitetsutvikling i fag- og yrkesopplæringa
3. Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei, kapittel 7 Kvalitetsutvikling
4. Notat: Informasjonsmøte før godkjenning av nye lærebedrifter»

Bakgrunn

Frå nasjonalt hald er det stort fokus på å auke kvaliteten innan fag- og yrkesopplæringa, å få ei kvalitetsutvikling. Dette vonar ein å få til ved hjelp av tett dialog mellom dei ulike aktørene, dvs nasjonale myndigheter, skuleeigarar, skular, opplæringskontor, lærebedrifter, elevar og lærlingar.

Kvalitetsvurdering skal vere ein del av læringsprosessen, og skal blant anna gi informasjon til den såkalla styringsdialogen.

Kunnskapsløftet har søkerlys på kvalitet i eit heilskapleg opplæringsløp, både i skule og bedrift. Opplæringslova seier at ei lærebedrift må kunne gi ei opplæring som tilfredsstiller lov og forskrift, og mellom anna skal bedrifta ha intern kvalitetssikring av opplæringa (vedlegg 1).

I 2004 blei det etablert eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS) for skulen med blant anna nasjonale prøver og Skoleporten. Skoleporten er eit verktøy som presenterer tal, statistikk og indikatorar om for eksempel ressursar, læringsresultat og læringsmiljø.

I 2009 vart det bestemt å vidareutvikle NKVS for også å dekke fagopplæringa i lærebedrifter. Målet med det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet er å kunne vurdere i kva grad opplæringsaktørane oppfyller målsettingane for opplæringa, og å identifisere område der kvaliteten kan forbetraast over tid (vedlegg 2).

Utdanningsdirektoratet har laga ein modell for kvalitetsvurderingssystemet:



Rett strukturkvalitet skaper føresetnader for rett prosesskvalitet som igjen skaper føresetnadene for rett resultatkvalitet. I modellen vil mellom anna den formelle kompetansen til lærarar og instruktørar ligge til strukturkvalitet, medan arbeidet med opplæringa (innhald og vurdering) vil sortere under prosesskvalitet.

Stortingsmelding 20 (2012-2013) *På rett vei*, som Kunnskapsdepartementet la fram i mars i år, har eit eige kapittel 7 om kvalitetsutvikling (vedlegg 3). Dette omhandlar også kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Kapittelet har hovudfokus på kvalitetsvurderingssystemet, nasjonale kompetanse- og utviklingstiltak, skuleeigar sin internkontroll og tilsyn med og rettleiing om lovverket.

Lokalt har Yrkesopplæringsnemnda som eit hovudmål i strategiplanen for perioden 2012-2015 å medverke til at opplærerstilbodet til lærlingane har god kvalitet, og at kvaliteten skal auke i yrkesopplæringa både i skule og i bedrift.

Fagopplæringskontoret skal arbeide for dette blant anna gjennom å satse på betre opplæring av instruktørar, faglege leiarar, daglege leiarar og yrkesfaglærarar.

Dette er i tråd med Kunnskapsløftet sitt fokus på kvalitet i opplæringa både i skule og i bedrift, og SRY sitt råd om å inkludere aktørane i den bedriftsbaserte opplæringa i ei varig ordning for kompetanseheving.

Opplæringstiltak for å betre kvaliteten i opplæring i bedrift

Informasjonsmøte - Opplæring av dagleg leiar og fagleg leiar i nye lærebedrifter

Fagopplæringskontoret har dei siste åra hatt tilbod om eit to-timars informasjonsmøte for nye lærebedrifter. Dagleg leiar og fagleg leiar vert invitert til å møte. Det er høve til å ta med lærlingen

dersom bedrifta ønskjer dette. Møta vert haldne ein gong i månaden, omlag 10 møte i året. Dersom det er vanskeleg for bedrifta å møte på kurset, får dei tilbod om å kome til eit eige møte med sakshandsamar.

Møta vart i starten gjort obligatoriske slik at bedrifta ikkje fikk godkjenning som lærebedrift før dei hadde deltatt på møtet. Dette vart så mjuka opp, med det resultat at deltakinga fall dramatisk. I møte 20. mars i fjor gjorde Yrkesopplæringsnemnda denne tilrådinga i samband med melding 2/12 *Informasjonsmøte for nye lærebedrifter* (vedlegg 4):

Yrkesopplæringsnemnda rår til at det vert innført obligatorisk oppmøte på informasjonsmøte for nye lærebedrifter. Fagopplæringskontoret skal vera på tilbodssida ved å tilby andre møtetidspunkt dersom det fast oppsette møtet ikkje passar for bedrifta. Det kan i enkelte tilfelle gjerast ei vurdering om at bedrifta sitt behov for informasjonsmøte ikkje er til stades. Dersom ikkje lærebedrifta har møtt til informasjonsmøte på Fagopplæringskontoret 2 månader etter at innkalling er sendt ut, kan søknad om å bli godkjent lærebedrift sendast i retur utan å bli handsama.

Fagopplæringskontoret ønskjer å halde fram praksisen med at ei bedrift som søker godkjenning som lærebedrift, i utgangspunktet må gjennomføre informasjonsmøtet før dei får godkjenning. Dette kravet skal gjelde sjølvstendige lærebedrifter, då medlemsbedrifter i opplæringskontor får mykje av denne informasjonen via opplæringskontoret.

Opplæring av instruktørar og faglege leiarar i lærebedrifter (instruktørkurs)

Fagopplæringskontoret har i mange år hatt tilbod om kurs til instruktørar og faglege leiarar. I 2008 vart kurset oppdatert og ein del endra, og sidan 2009 har 500-600 personar gjennomført kurset kvart år. Kurset er også ope for yrkesfaglærarar, men svært få lærarar har nytta seg av tilboden.

Kurset er gratis, går over to dagar og følgjande emne vert gjennomgått:

- *Modul 1: Kommunikasjon mellom instruktør og lærling. Instruktøren som rettleiar.*
(Å verta kjend med eiga handling gjennom refleksjon. Lærlingen sine føresetnader. Korleis verte ein god rettleiar? Taus kunnskap. Kommunikasjon er viktig for god rettleiing. Etikk.)
- *Modul 2: Mottak av lærling*
(Moment for mottaking av lærling / lærekandidat i lærebedrifta)
- *Modul 3: Bedrifta som opplæringsarena*
(Ulike opplæringsløp. Lærlingen sine rettar og plikter. Bedrifta sine plikter.)
- *Modul 4: Planlegging, dokumentasjon og vurdering av opplæringa*
(Ansvar for opplæring, praksis i eiga bedrift. Opplæringsplanar. Dokumentasjon /"Opplæringsbok" (annan dokumentasjon). Vurdering. Kva gjer ein når det ikkje går som planlagt?)
- *Modul 5: Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve*
(Ansvar for fag-/sveineprøva og kompetanseprøva. Planlegging og førebuing til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve. Innhald og gjennomføring av fag-/sveineprøva. Særleg tilrettelegging av prøve)

Erfaringane med kursa er gode. Evalueringane frå deltakarane viser at eit stort fleirtal meiner kurset er nyttig som grunnlag i opplæringssituasjonen.

Vi ser likevel at vi ikkje når alle bedrifter. Mange har sannsynlegvis problem med å prioritere kurs i ein travel kvardag, og kanskje særleg når kurset går over to dagar. Men innhaldet i kurset er veldig relevant når det gjeld å forbetra opplæringa av lærlingar i bedrift, og vi ser kurset som ein god veg å gå for å få lærebedriftene til å bli meir bevisste på korleis dei driv opplæring, og at dei får ønska struktur på opplæringa. Vi ønskjer derfor å gjere kurset obligatorisk for alle faglege leiarar i lærebedriftene. Godkjenninga til lærebedriftene i det enkelte lærefag er knytt til at dei har ein godkjent fagleg leiar, og

fagleg leiar har eit overordna ansvar for opplæringa. Fagleg leiar vil derfor vere sentral når det gjeld kvaliteten i opplæringa.

Fagopplæringskontoret ser at eit slikt krav kan vere ei ulempe for ei bedrift. Kunnskapsdepartementet seier også i kap. 7.2 *Kompetanse- og utviklingstiltak for en bedre opplæring* i Stortingsmelding 20 at «For å støtte opp om positive utviklingstrekk vil departementet videreføre og videreutvikle frivillige kompetanse- og utviklingstiltak for lærere, instruktører, skoleledere og skoleeiere. Departementet mener den overordnede føringen for kompetanse- og utviklingstiltak er å følge opp nasjonale mål, og å bidra til forbedring av praksis. Tiltakene må være relevante for skoleeierne, skolene og lærebedriftene, i klasserommet og i lærebedriftene, og for elevene og lærlingene.»

Departementet brukar her ordet frivillig. Sett i lys av fokuset på betre kvalitet i opplæringa meiner vi likevel at det vil vere eit godt tiltak å gjere opplæring av faglege leiarar obligatorisk. Instruktør-opplæringa må leggast opp så smidig som råd frå fagopplæringskontoret si side, slik at vi kjem bedriftene i møte når det gjeld tidspunkt for kurset, og slik at dei får god tid til å gjennomføre kurset. Gjennomføring av instruktørkurset vil dermed ikkje bli knytt til at bedrifa får godkjenning. Skulle bedrifa likevel ikkje stille på kurs må konsekvensen bli at fagopplæringskontoret vurderer å trekke godkjenninga tilbake.

Opplæringa skal inspirere til auka bevisstheit om oppgåver, roller og ansvar for aktørane i fagopplæringa. Kursa famnar yrkesfaga generelt og legg vekt på sentrale tema i Kunnskapsløftet som læreplanforståing, vurderings- og rettleatingskompetanse, pluss dei viktigaste endringane i regelverk dei siste åra. Dette er i tråd med Utdanningsdirektoratet sine tankar om innhaldet i etterutdanning/kompetanseheving av faglege leiarar og instruktørar.

Følgjande føresetnader bør leggjast til grunn:

- Kravet om å gjennomføre opplæring blir tatt inn som ein del av godkjenningsprosedyren. Kravet til gjennomføring av instruktørkurs blir presisert i godkjenningsbrevet.
- Alle faglege leiarar må gjennomføre kurset.
- Bedrifa får eitt år på seg til å gjennomføre kurset etter at dei er godkjende som lærebedrift, eller etter skifte av fagleg leiar.
- Fagopplæringskontoret skal legge til rette for at kurstilbodet er tilpassa bedriftene sine behov når det gjeld gjennomføring. Det tyder at vi til dømes må vurdere kveldskurs og heltekurs i tillegg til kurs på dagtid dersom bedriftene har ønskje om dette.
- Fagopplæringskontoret ser på samanhengen mellom tema på informasjonsmøtet og tema på instruktørkurset, og koordinerer dette best mogleg.
- Kursa vert haldne på ulike stader i fylket, og fylkeskommunen tilbyr eit par kurs i månaden
- Kursa er gratis som tidlegare. Deltakarar som er påmeldt men ikkje møter og ikkje gir beskjed, får tilsendt ein faktura på 500 kr.

Oppsummering

Fagopplæringskontoret ønsker å innføre obligatorisk opplæring for faglege leiarar i lærebedrifter.

Tiltak	Omfang i dag	Målgruppe	Obligatorisk for	Tema	Tidspunkt for gjennomføring
Informasjonsmøte	2 timer	Dagleg leiar Fagleg leiar	Fagleg leiar	Formelle rammer Rolle og ansvar	Før godkjenning vert gitt
Instruktørkurs	2 dagar	Fagleg leiar Instruktør Dagleg leiar	Fagleg leiar	Kommunikasjon Mottak av lærling Bedrifa som opplæringsarena Planlegging, dokumentasjon, vurdering Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve	I løpet av eitt år etter at godkjenning er gitt

